

Neste båt kjem i månadsskiftet**08.08.2007**

Det neste, store byggjeoppdraget til Eidsvik Skipsbyggeri ligg rett forut: Skroget til den 65 meter lange trålaren Quantus, som skal leverast til Skottland, kjem rundt månadsskiftet august/september, fortel dagleg leiar Svein Arne Eidsvik til uskedalen.no.

Dette er ein kontrakt til 150 millionar og Eidsvik skal byggja overbygg og styrehus.

Trålaren skal leverast ferdig i april – og så går Eidsvik inn i offshoremarknaden – med den første supplybåten som skal leverast til Meling i Stavanger.

Måndag kom det riktignok ein stor båt til Eidsvik, men det er den gamle kjenningen Hargun, som vart levert frå Uskedalsverksemda i 1999 og som er inne to-tre gonger i året til rutinemessig sjekk. Det er det som no skjer – før det neste storoppdraget kjem.

Men allereie frå mandag er det full bemanning att etter ferien ved den største produksjonsbedrifta i Uskedalen..

Av Ola Matti Mathisen



Hargun – inne til sjekk. (Foto: Ola Matti Mathisen)